

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Arne Neset	FE-499	23/828

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2023	Administrasjonsutvalet	PS	11.09.2023
071/2023	Formannskapet	PS	11.09.2023
048/2023	Kommunestyret	PS	18.09.2023

Tiltak for å rekruttere og halde på personell i pleie- og omsorgstenesta

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-.
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-.

Årleg kostnad: kr. 1.370.000,-

2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.

Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-

3. Det vert innførtbetalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta.

Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei siste 2 åra har Masfjorden kommune hatt utfordringar med å rekruttere til ledige stillingar i pleie- og omsorgstenesta. Det gjeld særleg stillingar med turnusarbeid knytt til sjukeheimen og heimetenesta. Også helgestillingar, som tidlegare var populære blant elevar og studentar, er no vanskeleg å fylle. Når det gjeld tilgang på sjukepleiarstillingar begynner situasjonen å verte kritisk. Siste året har det vore få eller ingen søkjarar på ledige stillingar, og sjukeheimen har meir eller mindre samanhengande måtte nytta 2-3 innleigde vikarer frå byrå for å sikre ei forsvarleg bemanning. No er situasjonen den same for heimetenesta. Både heimetenesta og sjukeheimen manglar i dag 3 årsverk for sjukepleiarar kvar, det vil seie at me samla sett mangler 6 sjukepleiarar i

kommunen. 4 av desse er faste stillingar.

Vurdering

For å lukkast i rekrutteringsarbeidet, og behalde tilsette over tid, er det mange faktorar som spelar inn. Det som fyrst og fremst påverkar rekrutteringa er tilgangen på arbeidskraft, og den veit me er minkande. Deretter kjem faktorar som arbeidsmiljøet, arbeidet sin art, om oppgåvene er interessante og om ein får utvikle seg fagleg. Dette er alle faktorar som bidreg til at arbeidsplassen vert opplevd attraktiv, og gjev eit godt omdøme. Tilsette gjev positive attendemeldingar når det gjeld arbeidsmiljøet og det å få utvikle seg fagleg, men ein negativ faktor er slitasje som vert opplevd med fysisk tungt arbeid i kombinasjon med underbemanning og overtidsbruk.

I den seinare tid verkar det også som det å arbeide på ukurante arbeidstider er vurdert som lite attraktivt, og fleire tilsette har søkt seg bort frå turnusarbeid. Samstundes ser me at arbeidstidsordningar som genererer samanhengande friperiodar gjev betre søkjartal. Ved Masfjorden bu- og aktivitetssenter (MBA) er det søkjarar både til miljøterapeut- og miljøarbeidarstillingar. MBA har arbeidstidsordning med lange vakter og komprimerte arbeids- og friperiodar, og me trur at det er medverkande til gode søkjartal. Gjennom Tørn-prosjektet ser me no på om det er mogeleg å tilretteleggje for langvakter i heimetenesta og på sjukeheim også.

Løn er også eit moment som spelar inn når tilsette vurderer om ei stilling er attraktiv. Masfjorden kommune har ordinær tariff løn i fagstillingane innan pleie- og omsorg, utan ekstra lokale tillegg. Me opplever no at fleire av kommunane rundt oss set inn særskilte lønstiltak for å rekruttere og behalde personell, og då særleg knytt til sjukepleiar kompetansen. No er Masfjorden einaste kommunen i vår region som ikkje har sett i verk særskilte tiltak.

Alver kommune tilbyr sjukepleiarar kr. 10 000,- kr ut over garantilønn, og rekrutteringstillegg på kr. 50.000,-

Osterøy kommune tilbyr sjukepleiarar kr. 20 000,- kr ut over garantilønn

Gulen kommune tilbyr sjukepleiarar kr. 30 000,- kr ut over garantilønn + ekstra helgetillegg til alle med kr. 50,- pr. time. I tillegg har dei innført rekrutteringstillegg på kr.100.000,- mot 2 års binding.

Modalen kommune tilbyr sjukepleiarar kr. 30 000,- - 50.000,- ut over garantilønn (min.10 års ansiennitet for nyutdanna) og nedbetaling av studielån med kr.20.000,- pr år.

Austrheim kommune tilbyr institusjonstillegg på kr. 40.000 til sjukepleiarar og kr. 20.000,- til helsefagarbeidarar

Bruk av vikarbyrå

Sidan sommaren 2021 har Masfjorden kommune meir eller mindre samanhengande måtte nytta vikarbyrå til ubesette sjukepleiarstillingar på sjukeheimen. I snitt nyttar me 2 sjukepleiarvikarar til eikvar tid. I tillegg har me i ferier og høgtider måtte leige inn 1-2 helsefagarbeidarar frå byrå.

Kostnaden med vikarbyrå så langt i 2023 ligg på kr. 2.500.000,-. Løn og sosiale utgifter for tilvarande faste stillingar i kommunen ville vore kr. 1.500.000,-. Dette viser kor dårleg økonomi det er å nytte vikarbyrå.

Utgifter overtid

I tillegg til utgifter til vikarbyrå er det mykje overtidsbruk som følgje av at ein ikkje har nok tilgang på personell. Så langt i år har me overtidsutgifter innan pleie- og omsorg på kr. 2.000.000,-.

Noko overtid vil ein alltid ha i ei så stor avdeling, men beløpet reflekterer at det er store hol i arbeidsplanane som ein ikkje klarar å fylle.

Heiltid/deltid

Masfjorden kommune er ein av dei kommunane som scorar best når det gjeld andel tilsette med uønska deltidstilling. Alle tilsette som er kvalifisert og ynskjer 100% stilling får tilbod om det. Det er difor lite ressursar me kan mobilisere her.

Elevar, lærlingar og studentar

Tiltak som kan bidra til å få elevar til å velje helsefag og søkje læreplass vert også drøfta. Me har stor fokus på å trekkje til oss lærlingar, og i dag har me 5 lærlingar i helsefag som rullerer mellom sjukeheim, heimetenesta og MBA. Vona er at desse etter oppnådd fagbrev skal finne det attraktivt å gå over i fast stilling i kommunen.

Ei utfordring i dag er låg innsøking på helsefag i vidaregåande skule, og ein stor del vel å ikkje gå ut i lære, men gå vidare på studiespesialisering. Dersom me hadde klart å knyte til oss elevane medan dei er i 1. og 2. året på vidaregåande, til dømes gjennom stipendordningar mot at dei plikta seg til å arbeide i helger og feriar, då kunne me ha sikra oss betre tilgang på helgeavløysarar og feriehjelp. Dette er noko som bør vurderast.

Same tiltak kan ein sjå føre seg for studentar innan helsefag som får eit stipend mot at ein inngår avtale om arbeid i feriar og evt. helger.

Alternative tiltak:

For å møte den konkurransen om arbeidskraft som me no opplever frå nærliggjande kommunar er også Masfjorden kommune nøydd til å sjå på økonomiske goder som kan bidra til at tilsette vert i stillingane sine og ikkje søkjer seg over til nabokommunane, og at nytisetne vel å kome til Masfjorden. Å lokke nytilsette med gode rekrutteringsordningar er ikkje ei langsiktig løysing. Då risikerer ein å trekkje til seg peronar som i første rekkje ser etter kortsiktig vinning, og som ikkje vert stabile arbeidstakarar over tid. Då er det betre å gje lokale tillegg til dei som allereie er i kommunen og som representerer stabilitet og kontinuitet. Det vil også vere eit positivt signal til nytilsette at Masfjorden kommune løner sine tilsette over grunnøen.

Me har helsepersonell i fleire avdelingar i kommunen, men det er i fyrste rekkje sjukeheim og heimetenesta som har størst utfordringar med ledige stillingar. Det er difor ein i fyrste rekkje må setje inn tiltak her. Tilgang på sjukepleiarar er mest kritisk, og det er her me i første rekkje må ty til

vikarbyrå, men også helsefagarbeidarar er vorte mangelvare. I tillegg er det eit generelt problem å rekruttere til helgearbeid. Det kan difor vere føremålstenleg å innføre helgetillegg til alle som har helgeturnus. Dette vil også gjelde tilsette ved Masfjorden bu- og aktivitetssenter.

Innføring av betalt lunch

I samband med handsaming av rammesaka for 2024 kom det politisk initiativ om innføring av betalt lunch til tilsette i barnehage og pleie- og omsorg. Pr. i dag er det desse to gruppene som ikkje har betalt lunchpause. Slik situasjonen er i dag med tanke på å rekruttere og halde på personell er det naturleg at innføring av betalt lunch er ein del av denne saka. På kveld og i helger har tilsette i dag betalt lunch. Kostnadene med dette for pleie- og omsorg er difor på dagtid vekedagar, og kan stipulerast til kr. 1.130.000,-.

Drøfting med organisasjonane:

Saka var drøfta i møte med HTV for Fagforbundet og Norsk Sykepleierforbund den 20.8.23.

Arbeidstakarorganisasjonane har sjølv etterspurt tiltak, og støttar arbeidsgjevar i å setje inn tiltak for å rekruttere og behalde tilsette i pleie- og omsorgstenesta.

Rådmannen har i utgangspunktet sett føre seg at det er tiltak for sjukepleiargruppa som bør ha høgast prioritet ut frå sårbarheit og ekstraavgifter med overtid og bruk av vikarbyrå. HTV Fagforbundet tek i drøftingsmøtet til orde for at også helsefagarbeidarane bør gjevast ekstra tillegg, og at tilsette ved Masfjorden bu- og aktivitetssenter bør få same tillegg som sjukeheim og heimetenesta. Rådmannen sitt utgangspunkt for saka er at me har ein utfordrande situasjon på sjukeheimen og i heimetenesta. Det er difor her ein i fyrste rekkje må setje inn tiltak. Dette i seg sjølv vil verte eit stort økonomisjøløft som vanskeleg kan breiast ut til andre arbeidsplassar. Ein må vere budd på at fleire stillingsgrupper vil setje søkjelyset på innføring av eit slikt tiltak, og meine at deira profesjon også burde verte tilgodesett med lokalt tillegg. Når det gjeld tiltak til helsefagarbeidarane på sjukeheim og heimetenesta slik Fagforbundet føresler, så kan rådmannen støtte dette fordi det er svært vanskeleg å rekruttere helsefagarbeidarar også, men dersom ein skal gå for tillegg til begge gruppene bør det vere ein differanse på tillegget pga utdanningsnivå og grunnlønn.

Konklusjon

Det vert rådd til å gje

- Lokalt lønstillegg til sjukepleiarar og helsefagarbeidarar ved sjukeheimen og heimetenesta.
- Lokalt helgetillegg til alle tilsette i turnus

- Innføring av betalt lunch til alle tilsette

Administrasjonsutvalet - 022/2023

AU - behandling:

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) spurte om ho var ugild i saka sidan ho er ansatt i kommunen som sjukepleiar. Det vart samrøystes (6 røyster) vedteke at Kratzmeier var ugild og ho forlot møtet. Saka vart drøfta.

Britt Inger Myhr (arb.repr) sette fram følgjande endringsforslag i pkt 1:

Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen, heimetenesta og MBA slik:

- sjukepleiarar får eit årleg lønsstillegg lagt til årsløn i 100 % stilling på kr 20 000
- helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100 % stilling på kr 20 000

Torill Torvik Størkersen sette fram følgjande framlegg til tillegg til vedtak:

I økonomiplansamheng skal det leggst fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimestenesta, sjukeheim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24

Ørjan Valestrand (arb.rep) sette fram følgjande endringsforslag for pkt 3:

Det vert innført betalt lunsj i pleie- og omsorg og barnehagane

Rådmannen sa at iversettingsdato for pkt 3 var 01.01.24

Røysting:

Det vart først røysta over pkt 1 der framlegg frå rådmannen og framlegg til arb.rep vart sett opp mot kvarandre. Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke med 3 røyster (H og Sp).

Det vart så røysta over pkt 2 som vart samrøystes (6 røyster) vedteke

Det var så røysta over arb.rep sitt framlegg til pkt 3 inkludert iverksettingsdato 01.01.24 sett fram av rådmannen. Pkt 3 frå arb.rep inkludert iversettingsdato 01.01.24 vart samrøystes (6 røyster) vedteke.

Det vart så røysta over nytt pkt 4 sett fram av Ap. Framlegg til nytt pkt 4 sett fram av Ap vart samrøystes (6 røyster) vedteke,

Det vart tilslutt røysta over heile framlegg til vedtak samla.

Samla framlegg til vedtak vart samrøyste (6 røyster) tilrådd til formannskapet.

AU - vedtak:

1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-

Årleg kostnad: kr. 1.370.000,-

2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.

Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-

3. Det vert innført betalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta og barnehagane.
Iversettingsdato vert 01.01.24
Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-
4. I økonomiplansamanheng skal det leggst fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimetenesta, sjukehim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24

Formannskapet - 071/2023

FS - behandling:

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) spurte om ho var ugild i saka sidan ho er ansatt i kommunen som sjukepleiar. Det vart samrøystes (4 røyster) vedteke at Kratzmeier var ugild og ho forlot møtet. Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøyste (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. Masfjorden kommune innfører lokalt tillegg for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar i turnus ved sjukeheimen og i heimetenesta slik:
 - Sjukepleiar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 30.000,-.
 - Helsefagarbeidarar får eit årleg lønstillegg lagt til årsløn i 100% stilling på kr. 20.000,-

Årleg kostnad: kr. 1.370.000,-

2. Alle tilsette i turnus får lokalt helgetillegg på kr. 50,- pr. time.

Årleg kostnad: kr. 1.850.000,-

3. Det vert innført betalt lunch for alle tilsette i pleie- og omsorgstenesta og barnehagane.
Iversettingsdato vert 01.01.24
Årleg kostnad: kr. 1.130.000,-
4. I økonomiplansamanheng skal det leggst fram kva kostnader det vil vere for at pleieassistentar fordelt i heimetenesta, sjukehim og MBA kan få eit lokalt tillegg på inntil kr 10 000 for 100 % stilling fom 01.01.24